



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2023

HYLLESTAD SOKN



Hyllestad sokneråd er organ for soknet på kommunenivå. Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellesrådssaker.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt mellom sokneprest, kyrkjeseekretær og kyrkjevevjerje. Alle har gitt viktige bidrag om sine ansvarsområde til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

Lovverk gjeldande frå 1.1.2021 som gjeld soknet si verksemd

Trossamfunnsloven «Lov om tros- og livssynssamfunn», Kapittel 3. Den norske kirke .
Kirkeordning 30. mars 2019 nr. 2307 for Den norske kirke fastsett av Kirkemøtet med heimel i trossamfunnsloven §§ 11, 12, 15 og 17

Gravplasslova og gravplassforskrifta

1. januar 2021 tok statsforvaltaren i Vestfold og Telemark over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar, og som klageinstans i saker knytt til gravplasslova/gravplassforskrifta. Der er også gravplassrådsgjevar-tenesta lokalisert.

Hyllestad sokneråd har 6 faste leke medlemer og 5 leke varamedlemer.

Faste medlemer fram til 31.10.23: Linda Ølmheim, Reidun Skår, Steinar Urnes, Anny Dale Fureli, Liv Synnøve Andersen og Brit Inger Skaar.

Varamedlemer fram til 31.10.23: 1.vara: Atle Tonning, 2.vara: Odd Takle, 3.vara: Magnhild Hofland, 4.vara: Kurt Arve Kjos og 5.vara: Rune Risnes

Kommunal representant fram til 31.10.23: Rune Risnes. Personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim

Soknerådsleiar fram til 31.10.23: Linda Ølmheim. Soknerådsnestleiar: Steinar Urnes.

Kyrkjevalet 2023

For fyste gong var det opna for digital førehandsrøysting ved kyrkjevalet. Røysting valdagen var i Hyllestadhallen, der og kommune- og fylkestingsvalet vart halde. Valkomiteen si liste hadde 10 kandidatar frå heile kommunen, var vanskeleg å få folk til å stilla på lista. Det var freista få kandidatar so likt fordelt etter kjønn som råd var, 7 kvinner og 3. menn. 156 personar nytta røysteretten, av desse var det 56 digitale førehandsrøyster, av totalt 81 førehandsrøyster. Dette gav ei valdeltakinga på 17 %, alle var over 18 år (ved kyrkjevalet har alle som fyller 16 år i valåret, røysterett). Dette gav oss fylgjande sokneråd, 6 faste leke medlemer og 4 leke varamedlemer, for perioden 2023-2027:

Faste medlemer: Inger Hauken, Reidun Skår, Anny Dale Fureli, Jan Olav Gjerde, Agnete Solheim og Brit Inger Skaar.

Varamedlemer: 1.vara: Jofrid Hatleberg, 2.vara: Rune Risnes, 3.vara: Siv Åshild Fristad og 4.vara: Helge Roald Jomisko

Geistleg representant i rådet: Runar Matsui-Li, personleg vara: prost Knut Magne Nesse

Kommunal representant: Eva Mette Olsen Høie, personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim
Når soknerådet handsamar saker som involverer kommunen (har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskot), møter representant frå kommunen i rådet.

Frå 01.11.23: Soknerådsleiar: Jan Olav Gjerde. Soknerådsnestleiar: Inger Hauken.

Tilsette hos Hyllestad sokn



Kyrkjeadministrasjon: 0.9 årsverk
Etter vel 17 år som kyrkjevevjerje i Hyllestad, siste perioden sidan hausten 2014, sa Irene Fløde opp stillinga frå 31.12.2022, men tok på seg å stå i jobb (25%) til ny kyrkjevevjerje, Renate Ørnehaug Dale, var på plass. Renate Ørnehaug Dale tok over som kyrkjevevjerje i 50% stilling 1.3.2024. Ein fekk auka kyrkjevevjerjestillinga til 50% frå 1.1.2023

Kyrkjeseekretær 40%, Aslak Åm Sognnes. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevjerje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og gravplassar, er altmogelegmann.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40% Helge Oddvin Systad. Organist 35% Erling Akse.

Trusopplæring: Kyrkjelydspedagog 25%, Framleis vakant

Tilsett hos Bjørgvin bispedømmeråd: 0,6 årsverk.
Sokneprest 60%.

Soknepresten er også representert i kommunen sitt kriseteam.

Kjøp av tenester – inngåtte avtaler

Vedlikehald av gravplassane vert utført av Indrefjord Gard, Ole I Sognnes.

Gravingstenester, opning og lukking av grav, vert utført av Hyllestad Bygg AS, Harald Espeland.

Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Ulempa er at her, til liks med andre kontor i kommunehuset, er veldig lytt. Til fortrulege samtaler må soknepresten nytte kyrkja.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 7 møte og handsama 34 saker. Soknerådet hadde oftast møte onsdagar frå kl. 17.00.

Årlege soknerådssaker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offertildeling. Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg.

Saker som gjeld kyrkje og kyrkjegard vert kommentert seinare under der det gjeld.

Av andre saker kan nemnast:

Trusopplæring etter at kyrkjelydspedagog Toril Lange slutta sommaren 2022

Inviterande kyrkjelydar, Nemnd for kyrkjebladet, Steinkrossnemnda og arrangement,

Samordningsavtale HMT mellom Hyllestad sokn og Bjørgvin bispedøme

Støtte til konfirmantane si deltaking på Base Camp

Kyrkjebygga i Hyllestad

Soknerådet fekk utarbeidd tilstandsrapport for Øn kyrkje i 2022. Rapporten slår fast at det hastar med vedlikehald av Øn kyrkje. Rapporten vart vidaresend til kommunen i 2022.

Hyllestad kyrkje er bygd om og fungerer svært godt som «såkalla» arbeidskyrkje, og her er svært mykje aktivitet. Det er naturleg at soknerådet prioriterer Hyllestad kyrkje øvst blant kyrkjebygga. Bø kyrkje er listeført hos Riksantikvaren og ligg på ein gravplass. Øn kyrkje er den nyaste og største av kyrkjebygga, og som no treng omfattande vedlikehald.

Kyrkjelydsmøte – soknemøte med orientering om årsrapporten var etter gudstenesta i Hyllestad kyrkje 26.3.2023.

LIVSRITER

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Dåp - totalt	10	8	7	7	5	6
Konfirmant	18	10	18	8	9	13
Vigsel	0	0	0	2	0	0
Gravferd / bisetjing	15	20	19	16	19	12

Prestetenesta:

Runar Matsui-Li ble tilsett som sokneprest hausten 2022 og har vore sokneprest i 2023. Stillinga er ikkje 100%, men over 90% av arbeidstida er relatert til kyrkjeleg arbeid i soknet.

Gudstenester

Soknepresten legger gudstenesteplanen i samsvar med årshjulet for soknet. Før planen blir sakshandsama i soknerådet blir den sendt til prosten i Sunnfjord prosti for godkjenning. I 2023 blei talet på søndagar med forordna gudstenester redusert til 2 per måned. Dette førte til at vi måtte reduserte talet på gudstenester i Øn og Bø kyrkjer. Grunnlaget for endringa er at stillinga ikkje er 100%. Gudstenestene i forbindelse med høgtidene blir ikkje råka av denne endringa og soknepresten gjer også teneste på 3. søndagar med anna kyrkjelydsarbeid som eksempel kyrkjelydsbasaren, kulturskulens julekonsert og Basecamp.

Gudstenesteliv i Hyllestad

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Runar prest og Erling organist heldt andakt og song om lag to gonger kvar måned. Det er godt oppmøte og samarbeidet med dei tilsette er godt. Jostein Kvåle deltek som frivillig medarbeidar.

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid

Kyrkjelyden har ikkje diakoniplan eller diakoniutval, men driv med mye diakonalt arbeid gjennom kyrkjelydsarbeidet og det den enkelte medlem gjer for lokalsamfunn og grannelag til kvardags. Kyrkja gir ein helsing til jul til alle som har halde gravferd for sine kjære. I 2023 har det ikkje vore mykje kaffidrikking etter gudstenestene.

Bønegruppa

Bønegruppa i kyrkjelyden samlast kvar onsdag. Gruppa brukar det nye tårnrommet bak orgelet på galleriet. Nokre gonger brukar ein kyrkjerommet. Anfrid Misje Åsmul leier den gruppa. Det blir elles bede for samlingane og dei tilsette i kyrkjelyden, og elles for det som rører seg i den stor verda. Her er nok av bønemne!

Songgruppa Moreld

Songgruppa Moreld øver kvar veke i kyrkja og deltek på nokre gudstenester og samlingar. Det deltok på Lysmessa saman med mini- og konfirmantane som vart ein stor suksess.

Interkulturell kafé (v/ Audun Systad)



Kurset «Inviterande kyrkje» i 2021 gav startskotet til det som vart satsingsområdet «Interkulturell kafe» i Hyllestad kyrkje. Medan det var 2 samlingar i 2022, var det 5 samlingar i 2023, med frammøte på eit snitt rundt 30, av og til meir og av og til mindre. Dette er lågterskeltilbod der menneske frå ulike kulturar kan møtast. Ein får vaflar og litt kake/frukt. Det er hobbyaktivitetetar for born (t.d laga englar i adventstida). Det er lystenning og gjerne eit musikalsk innslag. På ein av samlingane stilte t.d. nokre ukrainske kvinner opp og sang ein sang på ukrainsk. Organist Erling var med på nokre av samlingane. Praten går liveleg og folk ser ut til å kose seg. Fleire ulike nasjonar har vore representerte. Ein god prosent av dei som var med på planleggingskursa har hjelpt til praktisk. Nokre har og meldt seg som «flyktningvenar» i regi av Røde Kors, som er aktive på dette området, og ein har språkkafe på biblioteket kvar fredag.

Kystpilegrimsleia (*v/ Audun Systad*)

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia , frå Egersund til Trondheim. Leia vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8. juli 2018.

Dei fire grunnpilarane i pilegrimssatsinga er: 1. Kultur. 2. Kyrkje. 3. Næring og 4. Miljø.

Nytt i 2023 er at det 10.mai vart nedsett ei nøkkelstadgruppe i Hyllestad. Den har endra litt på samansetjinga no, men pr. i dag er desse med: Linda Ølmheim, Astrid Waage og Audun Systad, frå Hyllestad sokneråd si steinkrossnemnd, Leif Akse (Sogelaget), Frøydis Akse (Reiselivsgruppa), Anne Berit Garnes (Sogn hostel), Hildegunn Hatlem (kommunalsjef) og Alexander Rauboti (dagleg leiar i Kvernsteinsparken). Sistnemnde kom heilt i slutten av året inn som ny dagleg leiar, og ynskjer at arven med steinkrossane skal få ein tydlegare profil, m.a. med skuleprosjektet og arrangement elles.

Steinkrossnemnda som Hyllestad sokneråd oppretta i 2021, har i tillegg til dei tre ovanfor nemnde, også Steinar Urnes og Sigrid Solberg som medlemmer.

Arbeidet som nøkkelstadgruppa framover skal ha: Stikkord her er det som stod i årsmeldinga i fjor: "Pilegrimssatsinga skal ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring, og samtidig vere open og inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og religion. Delmål: • Auke talet på opne kyrkjer langs leia. • Bygge ein tydeleg profil som pilegrimsmål for menneske i dag. • Legge til rette for utsending og mottak av pilegrimar langs leia. • Samarbeide med fagmiljø i og i tilknytning til kyrkja om fornying av pilegrimstradisjonen. • Fremje heilagstaden som ein stad for alle pilegrimar og skape dialog mellom trussamfunn"

Når det gjeld soknerådet sitt arbeid, er ei meir opa kyrkja fremja som ei viktig målsetjing. Elles kortare vandringar rundt Hyllestad, og gudstenester og andre tiltak i pilegrimssamanheng.

Det var ei utegudsteneste dette året i Kvernsteinsparken som ein del av Kvernsteinsmarknaden Laurdag 17.juni, v. sokneprest Runar Matsui Li og Audun Systad. I alt 28 tilstades.



Etterpå: Vandrang til Hyllestad gamle kyrkjegard. Orientering der ved leiar i sogelaget Leif Akse. (16 tilstades).

Onsdag 15.febr. Sang- og musikk-kveld i Hyllestad kyrkje med tema «Arven frå vest» . Me sang salmar og sangar med keltisk opphav og inspirasjon. Fløyte v. Keiko Matsui-Li. Ei gruppe på seks personar førebudde denne kvelden Kari og Audun Systad, Kirsten og Jostein Ryland, og Keiko og Runar Matsui-Li: 35 tilstades.

På kystpilegrimskonferansen i Bergen 7.-8. november var Audun Systad utsending frå Hyllestad kommune. Frøydis Akse og Mal Dickson presenterte Viking Footprints i Hyllestad. Trude Søilen hadde eit innlegg om fjordkysten regional- og geopark, som Kvernsteinsparken er ein del av.

Sogn Hostel inngjekk i 2023 avtale med Selje RPS (regionalt pilegrimssenter) som nytt pilegrimsherberge langs kystpilegrimsleia.

Digitalt kart på www.pilegrimsleden.no er oppdatert med båtstopp, gjestehamner, nærbutikkar, overnattingsstader, kyrkje, dagsturhytte og attraksjonar.

Reise langs leia: Det kan og nemnast her at Audun Systad hadde ei privat reise for å få impulsar til dette arbeidet. Det var i mai og august 2023 (Kari og med i august). Dette var ein tur nordover langs Kystpilegrimsleia mellom Selje og Smøla, og så til Nidaros, der han mottok «Olavsbrevet» for å ha vore på 6 ulike nøkkelstadar langs Kystpilegrimsleia. Å vere pilegrim på den er ei annleis reise, og det er enno få som reiser heilt fram langs denne leia. Samstundes er det mykje spennande å oppdage på dei einskilte nøkkelstadane, og målet er verd reisa! Audun vil ha ein artikkel i bladet «Pilegrim i dag» nr.1 som kjem i april/mai 2024 om denne reisa.

Trusopplæring ved sokneprest Runar Matsui-Li

Soknepresten har ansvaret for trusopplæringa i soknet. Kyrkjelyden har ikkje tilsett kyrkjelydspedagog, men fleire friviljuge deltek.

Bibelutdeling og minikonfirmant

Da elevkullet var lite hausten 2022 blei det ingen minikonfirmasjon med avslutning i januar 2023, men ein bibel blei delt ut. Soknepresten valte å dele ut ein tekneseriebibel.

Minikonfirmantopplegget er eit tilbod til dei som går i 5. klasse. På hausten starta med opp med elever frå 5. og 6. klasse. Etter avtale med foreldra hadde me samlingar 4 onsdagar mellom oktober og januar-frå rett etter skuletid og i ca 1 ½ time. Minikonfirmantane var med på lysmessa 1. søndag i advent saman med konfirmantane.



Følgjande tiltak vart planlagt og gjennomført 2023.

Myldresamlingar

Det var planlagt 1 myldresamling for born i alderen 2 år til 6 år ein gong i månaden. Dei kommer med føresette og kan ta med eldre søsken. På hausten er 4- og 6-åringar invitert til å vere med på myldresamling. Det er en tendens at borna blir eldre og eldre og rekrutteringa av dei minste borna er svak. Opplegget har vore som tidlegare år – med samlingsstund med song, bøn, lystenning og Jesusforteljing på

flanellograf. Av og til var det ein liten formingsaktivitet og avslutning med kveldsmat. Kari Systad er med fast og Åshild Akse har vore med som vikar.

Tårnagenthelga var siste helga i november i Øn kyrkje laurdag og gudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag. For soknepresten var det første gong med ansvar for Tårnagent helga og han hadde med seg 5 frivillige som heller ikkje hadde vert med før. Rekvisittar blei lånt litt her og der og oppgåver funne på nettet. Laurdagen løyste agentane ulike oppgåver; velkomst, agenttips, skattejakt og førebuing av gudstenesta. På menyen var det flaggermussuppe i sakristiet Søndag var tårnagentane medarbeidarar på gudstenesta i Hyllestad kyrkje.

Konfirmantar våren 2023

Konfirmantane har sine samlingar nokre torsdagskveldar, om lag 15, frå klokka 1900. I soknet var det 13 konfirmantar. Undervisninga var felles for konfirmantane i Lavik hausten 2022, men om våren delte vi oss då vi brukte mye tid på å forberede samtalegudstenesta. Konfirmantane hadde leir på Alværa i januar med konfirmantane frå Høyanger kyrkjene. Dei var og på Kick-Off på Alværa og konfirmantfestival i Gaular hallen med alle konfirmantane i Sunnfjord.

Trusopplæringsutvalet:

Trusopplæringsutvalet har ikkje hatt møte i 2023. Soknepresten innkallar, men det har han ikkje gjort. Likevel har vi drevet mykje trusopplæring og tusen takk for alle frivillige som har vore med. Takk for godt samarbeide.

Kyrkjelydsbasar

Sundag 31. oktober var det på ny den årlege kyrkjelydsbasaren. Hyllestad kyrkje var fullsett, med omlag 100 personar sessa kring småbord. Vanen tru, var det ein kort andakt til opning for ein gjekk over til rein basar. Song-gruppa Moreld gledde oss med flott song. Etter kvart som åresalet kom i gong, vart det eit yrande liv med god drøs kring borda. Mange flotte vinstar.



Takk til soknerådet og ei ekstra takk til basarnemnda og alle dei som stilte opp, for flott tilrettelegging og ein formidabel innsats. Takk og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Takk for flotte og nyttige vinstar og god kaffimat.
Hjarteleg takk for kr 69.650. Kjempesultat!

Base Camp 2023.

For åttande gong vart ungdomsleiren Base Camp arrangert i Hyllestad i haust. I år var dette lagt opp som eit dagsarrangement, med start i Hyllestad kyrkje laurdag 7. oktober kl. 10.15 og avslutta i kyrkja kl. 18.00. Base Camp samla i år 80 ungdommar, og heile arrangementet var ein fest frå start til slutt.



I år var Benjamin Vindenes leirsjef, og med eit velfungerande team rundt seg, fungerte alt prikkfritt i gjennomføringa. Dagen starta med eit flott føremiddagsmøte i Hyllestad kyrkje, etter møtet vart ungdommane delt i grupper, så bar turen opp til Kvernsteinsparken der det var ulike aktivitetar og konkurransar. Også i år var veret bra så det blei grilling av pølser både utanfor og innafor langhuset sine vegger. Ingen Base Camp utan at ungdommane kjem heimatt med ballukt i kleda 😊.

Dette året leigde vi Fleirbrukshuset på Hyllestad til middag servering, og dette fungerte heilt flott. Dei som ynskte det fekk seg ein rask (og for nokon svært etterlengta) dusj i Hyllestadhallen, før det bar vidare til kyrkja for ettermiddagsmøte og avslutting av dagen.

I år var tema for dagen: Å Leve I Lyset.



I Johannes 8.12. les vi at Jesus er verdas lys, og den som føl han skal ikkje vandre i mørke. Dette vart godt og levande bringa vidare til ungdommane denne dagen av våre flotte talarar Natalie Vindenes og Mads Sveindal frå Misjonskirken Ung. Vi trur at alle som var der denne laurdagen vart sett, heia på, og fekk reise heim med ei god kjensle av å ha delteke på noko

verdifullt. Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er eit positivt og godt arrangement som skapar grunnlag for at den enkelte deltakar, kvar på sitt vis, kan få anledning til å oppleve eit positivt møte med Guds ord, kyrkja, og kristent fellesskap.

Stor takk til våre flotte ungdommar for deira innsats med planlegging og gjennomføring, og også stor takk til dei vaksne som var med å støtta både ungdommar og arrangement denne dagen.

Takk for ein flott dag med Base Camp 2023 og vel møtt til Base Camp nr. 9 i rekka hausten 2024 😊

Helsing Kirsten og Jostein Ryland

Konsertar

Sundag 23.april heldt song-gruppa, «Moreld», ein flott konsert for oss frammotte. Dei hadde rigga kyrkja med småbord og vi fekk forsynt oss med kaffi, kaker og frukt som var sett fram på kvart bord. Dette gjorde at det heile vart ganske uformelt og nært. Det svingar alltid, når denne gjengen set i gong. Sterke tekstar, mykje engelske tekstar, men mange av dei har dei omsett til norsk sjølve, slik at det vert råd å få med seg innhaldet. Dei er gode formidlarar, både i ord og tonar.



Fredag 20.oktober var det ein flott "Syng med oss" kveld i kyrkja. Moreld leia fellessongane og framførte sjølve kjende gospelsongar. Denne variasjonen av fellessong og framføring var veldig fin. Kvelden var eit samarbeid med organist Kjell Ivar Aase på flygel og Leon Haugsbø, tidlegare rektor på Sunnfjord folkehøgskule. Han framførte ulike bibeltekstar med tema ut frå songane. Det kunne godt ha vore fleire til stades, men vi som var der, hadde ein innhaldsrik, humorfylt og triveleg kveld!

Laurdag 21.oktober, konserten «I den sylvblå glans» var ei utruleg fin oppleving for dei nær 30 som var til stades i Øn kyrkje, der publikum innimellom dei musikalske innslaga og fekk små kåserande innslag knytta opp mot musikken og instrumenta. Nora Taksdal hadde nemleg med sin nyleg erverva hardingbratsj, som er den einaste i sitt slag.

Som fine innsmett i konserten, deltok Atle Ove Martinussen med diktlesning av m.a Arne Garborg, Jakob Sande og Ingvar Moe. Godt inspirert av Jon Fosse sin tildelte Nobelpris i litteratur, vart nynorsken framheva både i omtale og i sjølve dikta som vart lesne.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kjem no ut med berre to nr. i året, eitt i juni og eitt til jul. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet.

I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*) og heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no) og, ikkje minst på den fantastiske «infotavla» som frivilligsentralen har fått på plass.

Lokalavisa Firda gratistenesta Det Skjer. Der er det no endra rutiner, noko som gjer det litt meir arbeidskrevjande å leggja inn og posten er litt varierende med ombering. Dette gjer at det er ikkje kvar gong dette vert gjort. På heimesida vår, www.hyllestad.kyrkja.no, finn ein gjeldande gudstenesteliste.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

Kyrkjer

Bø kyrkje

Ikkje vedlikehald på Bø kyrkje dette året

Hyllestad kyrkje.

Fekk måla «sjøsida» av kyrkja og tårnet dette året, noko vi er svært glade for.

Det var brannsyn i Hyllestad kyrkje i haust, der vi har fått ein del merknader. Det vart rekna med at det, stort sett, gjeld tilsvarande for alle tre kyrkjene.

Øn kyrkje og Øn kapell

Ein fekk utarbeidd eit grundig tilstandsrapport på Øn kyrkje i 2022. Her vart avdekka eit omfattande vedlikehaldsbehov, kostnadsrekna til om lag kr 10mill.

Øn kyrkje har problem med skiferen av dårleg kvalitet på taket, der det hender at heller dett ned. Verst var det med hellene i mønekjølen, dei kunne fyka langt i dei hardaste stormkasta.

Rapporten rådde difor til å setja i verk sikringstiltak som gjerde rundt kyrkja, for å hindra ferdsel inntil vegg. Utfordringa har vore å få nokon til å legge hellene tilbake på plass på grunn av høgda som krev ekstra høg lift med ekstra sertifisering av dei som nyttar den. I haust lukkast vi endeleg med å få sikra mønekjøl, samt lagt på plass blekkplater der det mangla heller. Vi fann det då forsvarleg å plukka ned att sikringsgjerdet som var sett opp rundt kyrkja.

Øn kapell hadde ikkje vedlikehald. Soknerådet fekk overført kr 57 036 til måling og reparasjonar. Etter at Hornedalen bedehus avslutta sin aktivitet gjorde husstyret vedtak om å dela attståande på bankkonto 50/50 mellom Øn kapell og arbeidsstova v/Eiklund.

Gravplassar

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjerjing av hekk og trær. Fjerning og knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Dugnadsarbeidet med å skifte ut gjerdet rundt gravplassen vart påbyrja i 2020, men koronarestriksjonane la ein dempar på lysta til aktivitet, det same gjorde den våte sommaren-22. Ein dyktig dugnadsgjeng gjekk laus på oppgåva med det som stod att våren 2023, slik at det var klart for konfirmasjonsgudstenesta. Takkar for godt utført dugnadsarbeid!

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfelta. Ein del gamle fastmerkje er skifta ut med nye. Festeavklaring held fram

Hyllestad gravplass

Arbeid med festeavklaring og opprydding på feltet nedom kyrkja, felt B, held fram. Gravlegging har vore i samsvar med fastmerka sidan 1990. Gravene nedst mot muren vil ikkje bli nytta då vi er usikre på tilstanden av muren. Det vil difor vera naturleg at gamle særeigne gravminne med bevaringsverdi vert plassert på dei næraste gravene

Ved gravlegging nyttar vi no oftast det omregulerte feltet på oppsida av kyrkja.

Øn gravplass

Her og står det mykje oppryddingsarbeid att på dei gamle gravfelta. Ein del gamle fastmerkje vart skifta ut med nye. Festeavklaring held fram

Oppgåver på gravplassane som MÅ bli realisert.

Vi har som mål å få realisert litt kvart år.

Bø gravplass:

- ✓ Kome a jour med festeavklaring og få rydda det gamle gravfeltet nær kyrkja som er stengt for graving.
- ✓ Undersøke om det gamle gravfeltet kan nyttast til urnefelt.
- ✓ Måle og vedlikehalde toalett-/reiskapshuset (tidlegare bårhuset) .

Hyllestad gravplass:

- ✓ Reiskapshus er heilt påkravd
- ✓ Påfylling av jordmasse på felt B, på nedsida av kyrkja, for å jamne ut grasbakken.
- ✓ Setje gravminna i samsvar med gravkartet på felt B.

Øn gravplass:

- ✓ Bore etter vatn – er problem med vassforsyninga.

- ✓ Fortsetje arbeidet med festeavklaring og få fjerna gravminne frå graver som ikkje lenger er ønskt festa. Dette er eit svært tidkrevjande arbeid som vil strekkje seg fram i tid.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken og få gravminna plassert i samsvar med fastmerka. Gravlegging har vore utført i samsvar med fastmerka sidan midt på 1980-talet
- ✓ To nye benkar.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2023 Årsberetning

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokn sin rekneskap har fire tenester:

Kyrkjeleg administrasjon (041), Kyrkjer (042), Gravplassar (043) og Anna kyrkjeleg verksemd (044). Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første tenestene.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke*. Gjeld frå 1.1.2021.

Hyllestad sokn eig gravplassane og har ansvar for gravplassforvaltinga. Dette i samsvar med «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) §1, 4 ledd og §23.

Kommunens finansieringsansvar for gravplassforvaltinga står i Gravplassloven § 3 «Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.», 2-3 ledd.

044 Anna kyrkjeleg verksemd (tidlegare soknerådsaktivitet, kyrkjelydsbyggande aktivitet)

Inntektene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er offer, gåver, øyremerka tilskot og basar m.m.

Soknerådet mottek tilskot frå «Rettssubjektet Den norske kyrkja» til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kyrkjerådet via bispedømmerådet. Midlar som finansierer aktivitet, utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut. Bøker som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Dette året har ein ikkje hatt kyrkjelydspedagog/trusopplærar.

Tenestene under *Anna kyrkjeleg verksemd* er knytt til kvart sitt bunde fond. Dette fordi inntektene er øyremerkte og må nyttast til dei føremåla gjevar har ønskt. Desse tenestene vert difor avrekna mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Tenestene i rekneskapen går i balanse. Dette også fordi desse tenestene skal haldast utanfor dei tre tenestene (Administrasjon, Kyrkjer og Gravplassar) der kommunen har fullt finansieringsansvar.

Rekneskap - årsavslutning

Driftsrekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar avslutta med eit mindreforbruk på kr 276 337.

Også dette året har soknet drive kostnadseffektivt. Kan peike på nokre ting i høve det relativt store mindreforbruket: Kyrkjevevje sin sjukepermisjon. Og i høve budsjettet: «innsparing» på strau, graving (tal graver), og vedlikehald gravplassar der vi særleg på Øn gravplass, dei eldste felta, på grunn av veret ikkje fekk utført planlagt vedlikehald.

Dei sparte midlane kjem godt med i budsjettåret 2024, sidan driftstilskotet frå kommunen er same kronebeløpet som året før, i 2023.

DRIFTSINNTEKTER,

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, kr 3 184 910.

Brukarbetaling, avgifter og leigeinntekter, kr 106 009, Refusjonar/overføringar, kr 344 163.

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke (Kyrkerådet) til trusopplæring og kyrkjevalet, kr 147 291.

Rapporteringsplikt for trusopplæringstilskotet. Udisponert beløp eitt år går til fråtrekk frå tilskot påfølgjande år.

Driftstilskotet frå kommunen, kr 2 165 000. Andre tilskot, gåver og innsamla midlar, kr 258 666.

Kalkulatoriske inntekter og kalkulatoriske utgifter (går i null), er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet, kr 163 781. Det er i hovudsak utgifter kommunen har til rekneskapsføring, lønsutbetaling, revisjon, kontorlokale og snøbrøyting.

Inntekter som er vanskeleg å budsjettere er gåveinntekter (inkludert bladpengar, basarinntekter og offer) festeinntekter og provisjonsinntekter. Fleire inntektspotensiale har ikkje soknet.

Festeinntekter er usikre fordi ein på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av tilbodet om feste av grav.

Provisjonsinntekter

Inntekter for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn, samt formidling av gravminnesal er òg usikre inntekter då vi på førehand ikkje kan vite kven som ønskjer å nytte seg av dette.

DRIFTSUTGIFTER

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene 044 Anna kyrkjeleg verksemd, kr 2 693 769.

Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 1 448 709.

Pensjonsutgifter til KLP, kr 290 676. Kostnaden er litt vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid.

Kjøp av varer og tenester, kr 865 923. Refusjonar/overføringar, kr 163 366. Tilskot og gåver kr 51 991.

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet kr 163 781.

MVA-refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 230 388. Av dette er kr 68 656 i investeringsrekneskapen.

Avskrivingar kr 146 535

Bruk av avsetningar og avsetningar er inkludert tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, der det, som tidlegare nemnt, er avsetning til og bruk av bundne fond.

Sum bruk av avsetningar, kr 18 075. Sum avsetningar, kr 255 521.

Mindreforbruk kr 276 337

Investeringsrekneskapen

Hyllestad kyrkje: Måling av delar av kyrkja: kr 167 250.

Øn kyrkje: Vøling av mønekam: kr 107 373.

Kjøp av aksjar, andelar er Eigenkapitaltilskot til KLP kr 6 331 som og skal førast her.

Investeringsrekneskapen er finansiert av midlar på ubunde investeringsfond.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Kyrkjelydsarbeid, oversikt over offer og gåver

Offer til eige arbeid: kr 18 229

Offer som er overført organisasjonar

- ✓ Anna arbeid/andre organisasjonar: kr 24 141.
- ✓ Misjonsprosjektet NMS: kr 3 398
- ✓ Kirkens Nødhjelp: kr 19 452

Basar og gåve kr 72 647

Kyrkjebladet kr 28 206

§12 (4) *I årsberetningen skal det gjøres rede for*

a. *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestillingen, berunder kjønnsfordelingen i styrende organer,*

Hyllestad sokn har 5 fast tilsette, 3 menn og 1 kvinne.

Soknepresten som har Bispedømmerådet som arbeidsgjevar, er mann.

Hyllestad sokneråd

Gamle rådet (ut november), har 6 faste medlemmer, 5 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. Det er òg den kommunale representanten.

Rådet har 5 varamedlemer, 4 menn og 1 kvinne. Personleg varamedlem til både soknepresten og den kommunale representanten, er menn.

Nytt råd (frå oktober) har 6 faste medlemer, 5 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. **Kommunal representant er kvinne**

Rådet har 4 varamedlemer, 2 kvinner og 2 menn. **Personleg varamedlem til både soknepresten og den kommunale representanten, er menn.**

- b. eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,*
Ved soknerådssval blir det arbeidd for god kjønnsfordeling, men til siste val lukkast det ikkje.
- c. eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og*
- d. eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.*
Ingen merknad under c og d.